



Fræna kommune
Teknisk forvaltning
Plan

Grunneigarar/interessentar
følgje vedlagde liste

Administrativt vedtak
Delegert plansak - nr. 10/2009

Dykkar ref:	Vår ref 2009/1067-3	Saksbehandlar Wenche Lyngstad	Dato 10.06.2009
--------------------	-------------------------------	---	---------------------------

MELDING OM DELEGERT VEDTAK

De vert med dette underretta om at slikt vedtak er fatta:

Forslag til mindre vesentleg reguleringsendring for reguleringsplan HOLAMYRA NÆRINGSPARK, slik det går fram av planutsnitt datert 05.05.09, blir vedteke.

Vedlagt følgjer saksframlegg med vedtak.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen.

Dette må skje innan tre - 3 - veker etter denne kunngjeringa. Klaga må vere skriftleg og grunngjeven. Klaga skal sendast til det faste utval for plansaker (PLØK) som kan gjere om vedtaket, eller sende den vidare til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Med helsing

Rune Iversen
plan- og bygningssjef

Wenche Johanson Lyngstad
sakshandsamar

Postadresse Fræna kommune, 6440 Elnesvågen	Besøksadresse Kommunehuset	Telefon 712 68 100	Bank 4100 07 20001
E-post: postmottak@frana.kommune.no	www.frana.kommune.no	Telefaks 712 68 198	Org.nr 845 241 112

Delegert plansak - nr. 10/2009 (vedlegg til brev, melding om vedtak)

Vedteke etter fullmakt i samsvar med kommunelova § 23, jfr. brev frå rådmann datert 22.12.93

MINDRE VESENTLEG REGULERINGSENDRING

Reguleringsplan: HOLAMYRA NÆRINGSPARK

Vedteke / stadfesta: 23.10.06

Planident: 06004

Bakgrunn :

Fræna kommune ved teknisk forvaltning – plan, har motteke ein søknad som inneber ei mindre vesentleg endring av vedteken reguleringsplan for HOLAMYRA NÆRINGSPARK. Planen vart vedteken i kommunestyret 23.10.2006.

Formålet med vedteken plan:

Å legge til rette for storhandelsverksemd/verkstad.

Formålet med endringa:

Å fjerne vegen mellom forretningsområde F3 og F6, slik vedlagde planutsnitt – ny inndeling, datert 05.05.09 viser.

Forslaget til endring har vore sendt til berørte grunneigarar, sektorstyresmakter og andre interessentar for uttale, jamfør Plan- og bygningslova § 28-1 nr 4.

Merknader:

Fræna kommune har ikkje motteke merknadar til utsending av førehandsvarsel datert 05.05.09, med planutsnitt datert same dato.

Jamfør § 28-1 nr 2 i Plan- og bygningslova og i medhald av reglement for delegering av mynde i Fræna kommune gjer plan- og bygningssjefen slikt vedtak:

Forslag til mindre vesentleg reguleringsendring for reguleringsplan HOLAMYRA NÆRINGSPARK, slik det går fram av planutsnitt datert 05.05.09, blir vedteke.